



Knarvik Restaurant & Sportsbar AS
Kvernhusmyrane 3

5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar: Ref.:TZBTYX- Skjemanr.:247

Vår: 17/3784 - 18/8211

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

09.03.2018

Svar på søknad om serverings- og skjenkeløyve

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:

Knarvik Restaurant & Sportsbar AS Kvernhusmyrane 3 5914

ISDALSTØ

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
022/18	Formannskapet	PS	08.03.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Reidun Sæbdal	17/3784

Servering- og skjenkeløyve Knarvik restaurant og sportsbar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av serveringslova § 6 og alkohollova § 1-7 b vert søknad om serverings- og skjenkebevilgning ikkje innvilga.

- Løyvehavar: Knarvik Restaurant & Sportsbar AS, Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø
org.nr 920 147 380
- Dagleg leiar: Kim Arne Kleiveland Reknes, Gripavegen 76, 5918 Frekhaug f. 18.01.82
- Serverings- og skjenkestad: Knarvik Restaurant & Sportsbar AS, Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø
- Styrar for skjenkebevillinga: Kenth Roger Solheim, Mykingvegen 668, 5916 Isdalstø f. 04.05.88

- Avløyсар for skjenkebevillinga: Finn Øvstegård, Bruvegen 46, 5914 Isdalstø f. 04.06.75
- Alkoholvare: all alkoholhaldig drikk
- Åpningstid: måndag- torsdag 10.00 – 20.00
fredag 10.00 – 02.30, laurdag 12.00 – 02.30 og søndag 12.00 – 20.00
- Skjenketid: Etter gjeldande forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune
- Skjenkeareal: 190 kvm
- Antall sitteplasser: 75
- Omfang: alminneleg og slutta selskap.
- Type verksemd: Restaurant/bar/diskotek/nattklubb/selskapslokale

Klage

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er tre veker, jf. forvaltningslova § 29. Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for klagar. jf. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

Formannskapet - 022/18

FO - behandling:

Bjarte Vatnøy stilte spørsmål om habilitet som medeigar i bygget. Formannskapet gjorde samrøystes vedtak om at Bjarte Vatnøy er habil i handsaming av denne saka.

Formannskapet gjorde samrøystes vedtak om å lukke møte, jf.off.lova § 23, for å få meir opplysningar om saka. Sakhandsamar orienterte.
Møtet vart opna etter orienteringa og spørsmål.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

I medhald av serveringslova § 6 og alkohollova § 1-7 b vert søknad om serverings- og skjenkebevilling ikkje innvilga.

- Løyvehavar: Knarvik Restaurant & Sportsbar AS, Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø
org.nr 920 147 380
- Dagleg leiar: Kim Arne Kleiveland Reknes, Gripavegen 76, 5918 Frekhaug f. 18.01.82
- Serverings- og skjenkestad: Knarvik Restaurant & Sportsbar AS, Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø
- Styrar for skjenkebevillinga: Kenth Roger Solheim, Mykingvegen 668, 5916 Isdalstø f. 04.05.88

- Avløyсар for skjenkebevillinga: Finn Øvstegård, Bruvegen 46, 5914 Isdalstø f. 04.06.75
- Alkoholvare: all alkoholhaldig drikk
- Åpningstid: måndag- torsdag 10.00 – 20.00
fredag 10.00 – 02.30, laurdag 12.00 – 02.30 og søndag 12.00 – 20.00
- Skjenketid: Etter gjeldande forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune
- Skjenkeareal: 190 kvm
- Antall sitteplasser: 75
- Omfang: alminneleg og slutta selskap.
- Type verksemd: Restaurant/bar/diskotek/nattklubb/selskapslokale

Klage

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er tre veker, jf. forvaltningslova § 29. Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for klagar. jf. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i kontrollutvalet for alkohol.
Saka skal avgjerast i Formannskapet.

Bakgrunn

Knarvik Restaurant & Sportsbar har søkt om serveringsløyve og skjenkeløyve, datert 06.01.18, for all alkoholhaldig drikk i Kvernhusmyrane 3 (tidlegare Nye Loftet øl og vinstue)
Dei ønskjer å drive restaurant og sportspub med aldersgrense 20 år. Det er 4 eigarar i selskapet.
Etablerarprøve for dagleg leiar og kunnskapsprøven for skjenking for styrar og stedfortredar ligg føre.
Det er søkt om skjenkebevilling inne.

Vurdering

Servering -og skjenkeløyve vert vurdert under eitt.

Alkohollova set vilkår som må vera oppfylt før bevilling kan gjevast. Når desse vilkåra er innfridd er det opp til kommunens frie skjønn å avgjera om bevilling skal gjevast.

Serveringslova § 6, alkohollova §1-7 a , kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad og 1-7b som omhandlar krav til vandel, samt kommunens alkoholpolitiske plan vert lagt til grunn i vurderinga av søknaden.

Det er etter serveringslova § 6 og alkohollova § 1-7 b krav til uklanderleg vandel i forhold til alkohollovgevinga og anna lovgjeving som har samanheng med alkohollovas formål, samt skatte-, avgifts- og regnskapslovgjevinga. Kravet til uklanderleg vandel gjeld bevillingshavar, dagleg leiar, styrar, stedfortedar og personar som har vesentleg innflytelse på drifta.

Saka har vore til uttale hjå NAV sosial, politi, skatte- og avgiftsmyndigheiter. Det ligg føre økonomiske merknader frå Nordhordland kemnarkontor og Skatt Vest på ein av eigarane. Det ligg også føre merknader i saka i høve vandel frå politiet. Politiet tilrår ikkje at servering-og skjenkeløyve vert gjeve. Inkomne merknader er unntekne for offentlegheit.

Rådmannen har vurdert søknaden og merknadane til vandel ut frå ei heilheitsvurdering. Bevillingsøklar og personar som har vesentleg innflytelse på virksomheita må alltid oppfylle vandelskravet. Vandelskravet omfattar forholdet til serverings- og alkohollova samt anna lovgjeving som har samanheng med alkohollovas formål, samt skatte-, avgifts- og rekneskapslova. Brot på lovgjevinga fører ikkje automatisk til avslag, men dei faktiske regelbrota vert vurdert i kvart tilfelle. Regelbrot i denne saka er vurdert opp mot formålet i alkohollova §1, samt formålet med vandelskravet i §1-7 b som er å bekjempe ulike former for kriminalitet, særleg økonomisk kriminalitet og også skape rettferdige konkurranseforhold. Summen av dei regelbrot som kjem fram vert vurdert til å ikkje tilfredstillast kravet til uklanderleg vandel. Ut frå ei heilheitsvurdering av regelbrota som er kome fram i merknader frå dei ulike instansar vert søknaden ikkje tilrådd innvilga.

Saka er førelagt kontrollutvalet for alkohol 26.02.18. Utvalet støttar rådmannen si vurdering.

.....